



**FYLKESMANNEN  
I SOGN OG FJORDANE**

## **Forvaltingsplan for Ytterøyane naturreservat i Flora kommune**




**Rapport nr. 4-2012**



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 110 tilsette, og er organisert slik:



### HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger  
Telefon 57 64 30 00– Telefaks 57 65 33 02  
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

#### Landbruksavdelinga:

Fjellvegen 11, Førde  
Telefon: 57 64 30 00– Telefaks 57 82 17 77  
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: [fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no)

Internett: <http://www.fylkesmann.no/sfj/>  
Miljøstatus: <http://sognoqfjordane.miljostatus.no>

Framsidedfoto: Fyrstasjonen på Ytterøya. Foto: Bjørn Harald Larsen

# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Rapport nr. 4-2012

<b>Forfattarar</b> Heidi Sandvik og Bjørn Harald Larsen	<b>Dato</b> 06.02.2012
<b>Prosjektansvarleg</b> Nils Erling Yndesdal	<b>Sidetal</b> 44 + vedlegg
<b>Tittel</b> Forvaltingsplan for Ytterøyane naturreservat i Flora kommune	<i>ISBN 978-82-92777-29-9</i> <i>ISSN 0803-1886</i> <i>Rapporten ligg også på nettstaden Miljøstatus</i>
<b>Geografisk område</b> Sogn og Fjordane	<b>Fagområde</b> Naturvern
<b>Samandrag</b> <p>Ytterøyane, Nærøyane, Kvitingane og Sverslingane vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Ytterøyane naturreservat. Føremålet med vernet er å gi sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Reservatet er ein viktig hekkelokalitet for ærfugl, toppskarv, måsar og teist.</p> <p>Føremålet med forvaltingsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om reservatet og om sjøfugl</li><li>• Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området</li><li>• Gi grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet</li></ul> <p><b>Bevaringsmål</b> (definerer kva tilstand det er ønskjeleg at ein naturkvalitet skal ha):</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Talet på artar og par sjøfugl som hekkar i reservatet skal vere på om lag same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet.</li><li>• Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane.</li><li>• Fuglane skal ikkje bli unødig uroa av ferdsel i hekketida.</li><li>• Arealet av kulturmarkseng og kystlynghei i aktiv bruk skal vere minst på same nivå som på vernetidspunktet, dvs. tilsvarende arealet av Nærøya.</li><li>• Reservatet skal ha førekomst av purpurlyng, samt minst ein raudlista beitemarksopp.</li></ul> <p>Som elles i fylket braut hekkebestanden av sjøfugl, og særleg stormåsar, saman i 2003/2004. Sidan har bestandane teke seg sakte opp att, men framleis er bestandsnivåa for nesten alle artar langt under det dei var omkring vernetidspunktet. For å betre hekketilhøva for sjøfugl er det truleg naudsynt med auka fokus på ulovleg landstiging i hekketida, medan det for å oppnå bevaringsmåla for naturtypar er føreslege brenning av lyng med jamne mellomrom, og beiting med sau på dei større øyane i Ytterøyane og Nærøyane.</p> <p>Gjennom synfaringar og fugleteljingar vil Fylkesmannen følgje med på utviklinga i hekkebestandar og naturtypar, og vurdere resultat av utført skjøtsel.</p>	
<b>Emneord</b> 1. Naturvern 2. Sjøfugl 3. Forvaltingsplan 4. Biologisk mangfald	<b>Ansvarleg</b> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

# Føreord

Ytterøyane naturreservat er eit av 57 sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane som vart verna ved kongelig resolusjon 28.05.1993. Dette er den første forvaltingsplanen for området, og ein av 17 forvaltingsplanar som Fylkesmannen sette i gang arbeid med hausten 2008. Ingen av dei 57 sjøfuglreservata i fylket hadde fått utarbeidd forvaltingsplanar før dette.

Dei fleste av desse 17 naturreservata vart valde ut til arbeidet med forvaltingsplan på grunn av stort behov for vegetasjonsskjøtsel for å fremje verneføremålet. Dei siste åra har det difor også vore sett i gang rydding av tre og kratt som veks opp i fleire sjøfuglreservat i fylket. For Ytterøyane sin del er attgroing ei mindre aktuell problemstilling, her er det større grunn til å fokusere på problema med forstyrring i hekketida. Etter at Ytterøyane fyr vart avbemannar i 2004 har problemet med ulovleg ilandstiging i hekketida auka, og har truleg verka svært negativt på tilstanden i reservatet.

Den største utfordringa for sjøfuglane for tida er likevel å finne nok næring i sjøen til å gjennomføre hekking. Låg ungeproduksjon på grunn av næringsmangel har dei siste åra vore eit problem rundt heile Nordsjøen. Med dei problema sjøfuglane er inne i på grunn av manglande næringstilgang, er det viktig at hekkeplassane er best mogleg eigna for dei fuglane som faktisk går til hekking. Aktuelle tiltak for å gi best moglege vilkår for hekkande sjøfugl er difor eit sentralt tema i forvaltingsplanane.

Høyringsutkastet blei sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og fleire lokale og regionale lag og organisasjonar.

Forvaltningsplanen blei godkjent utan endringar i teksten i høyringsframlegget. Forvaltningsplanen blir lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider og er å finne på nettsida Miljøstatus for Sogn og Fjordane (<http://sognogfjordane.miljostatus.no>), under "Rapportar", som er ei lenkje under "Kart og geodata" på hovudmenyen. Planane ligg også under tema sjøfuglreservat i Miljøstatus.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltingsstyresmakt for alle sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Rådgjevar Heidi Sandvik hos Fylkesmannen og Bjørn Harald Larsen i Miljøfaglig Utredning AS har ført framlegga til forvaltingsplanane i pennen. Rådgjevar Astrid Haavik har i samarbeid med andre fagpersonar hos Fylkesmannen gjennomført høyringa og slutført arbeidet med forvaltningsplanen. Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn har bidrege med hjelp under synfaringane, både i form av transport og erfaringar frå skjøtselsarbeid.

Leikanger, februar 2012

Nils Erling Yndesdal (sign.)  
fylkesmiljøvernsjef

# Innhold

1	Innleiing .....	1
2	Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket.....	2
2.1	Registreringar .....	2
2.2	Tilstand.....	2
2.3	Utfordringar .....	3
3	Ytterøyane naturreservat .....	4
3.1	Skildring av planområdet .....	4
3.2	Naturkvalitetar .....	4
3.3	Tilstandsvurdering.....	12
3.4	Trugsmål.....	14
3.5	Bevaringsmål .....	15
4	Brukarinteresser i Ytterøyane naturreservat.....	22
4.1	Beiting og brenning .....	22
4.2	Friluftsliv og ferdsel .....	25
4.3	Jakt .....	25
4.4	Fiske .....	26
4.5	Hausting av egg og dun.....	27
4.6	Taretråling.....	27
4.7	Uttak av skjelsand.....	29
4.8	Redningsteneste m.m.....	29
4.9	Drift og vedlikehald av anlegg .....	29
4.10	Vedlikehald av eksisterande bygningar og bryggjer .....	30
4.11	Lågtflyging .....	30
5	Skjøtsel.....	31
5.1	Behov for skjøtselstiltak i Ytterøyane naturreservat .....	31
5.2	Framtidige skjøtselstiltak i Ytterøyane naturreservat.....	32
5.3	Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak .....	33
6	Tilstandsovervaking og forvaltning.....	35
6.1	Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål.....	35
6.2	Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta .....	36
6.3	Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader.....	38
6.4	Skilting og informasjon .....	39
6.5	Ilandstiging i hekketida - rapportering.....	40
6.6	Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon.....	40
7	Kjelder .....	41
8	Vedlegg .....	42
8.1	Vedlegg I – Verneforskrifta.....	42
8.2	Vedlegg II – kart som viser vernegrensene.....	45

# 1 Innleiing

Vern av areal med særlege naturverdiar er i Noreg regulert av naturmangfaldlova, som 1.7.2009 avløyste den gamle naturvernlova av 1979. Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen blir tekne vare på for framtida.

Øygruppene Ytterøyane, Nærøyane, Kvitingane, Sverslingane og kringliggande sjøareal i Flora kommune vart ved kgl.res. 28.05.1993 verna under namnet Ytterøyane naturreservat. Føremålet med vernet av Ytterøyane, slik det er skrive i punkt III i verneforskrifta, er: *å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv*”.

Med sjøfugl meiner vi dei artane som lever av og ved havet størsteparten av året. Typiske representantar for sjøfuglane er stormfuglar (t.d. havhest), suler, skarvar, dei fleste måsefuglane (måsar, ternar og joar) og alkefuglane. Av andefuglane i Sogn og Fjordane er det berre ærfugl som kan reknast som ein typisk sjøfugl. Det var desse artane det var lagt størst vekt på då sjøfuglreservata i fylket vart oppretta.

Verneforskrifta for Ytterøyane naturreservat, punkt VII, seier at *”Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.”* Heile verneforskrifta er gjengjeven i vedlegg 1.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med vernet. Hovudføremålet er å gi ei oversikt over tilstand og utfordringar i Ytterøyane naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere nødvendige tiltak for å gi sjøfuglane gunstige hekkeforhold samt ønskelege tiltak for å fremme biologisk mangfald og flora i reservatet. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

I verneforskrifta står det lista opp kva tiltak som i utgangspunktet er forbode innfor vernegrensene, kva som utan vidare er tillate og kva som krev løyve frå forvaltningsstyresmakta for å kunne gjennomførast. Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltningsstyresmakta si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltningsstyresmakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gi grunneigarane og allmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneføremålet sjølv. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltningsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Ytterøyane naturreservat, og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtelsplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltningsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og har i samråd med Fylkesmannen også teke på seg skjøtelsarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltningsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltnings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltningsplanar blir reviderte minst kvart 10. år.

## 2 Eksisterande kunnskap om sjøfuglane i fylket

### 2.1 Registreringar

I Sogn og Fjordane vart det ved kongelig resolusjon 28.5.1993 oppretta 57 sjøfuglreservat, fremja av Miljøverndepartementet. Det var gjort ei omfattande kartlegging av sjøfuglområda i Sogn og Fjordane før vernet (Godø 1982, 1983, 1984), med oppfølgjande teljingar etter fredinga (Godø 1994/1995, 2000). Teljingar over ein såpass lang periode har gitt oss eit godt innsyn i kva nivå hekkebestandane av ulike sjøfuglartar låg på ved fredingstidspunktet, og eit utgangspunkt for å vurdere kva som er naturlege variasjonar i hekkebestandane over tid. Frå 2004 har Fylkesmannen i samarbeid med Statens Naturoppsyn talt fugl i sjøfuglreservata kvar sommar, men alle reservata har ikkje vorte talde kvart år. Sjøfuglbestandane i Ytterøyane naturreservat har vorte registrert i 2004, 2005, 2007, 2008, 2009, 2010 og 2011, men med ulik dekningsgrad da dette er eit stort og vêrhardt område.

### 2.2 Tilstand

Hekkebestandane av sjøfugl i Sogn og Fjordane braut saman i løpet av 2003/2004, på same tid som sjøfuglbestandane elles rundt Nordsjøen. Svært få fuglar la egg, og av dei få ungene som vart ruga ut kom nesten ingen på vengane. Den einaste faktoren som kan forklare hekkesvikt over så pass store geografiske område til same tid er næringsmangel. Årsaka til næringsmangelen kan vere samansett, men overfiske, kanskje i kombinasjon med auka havtemperatur, er nok den viktigaste forklaringa. Bestandane av havsil (tobis), som både er basisføde for mange sjøfuglartar og ein nøkkelart i økosystemet i Nordsjøen, forsvann nærmast i 2004.

Alle dei tre stormåsane, **svartbak**, **gråmåse** og **sildemåse** vart hardt ramma av samanbrotet i Nordsjøen i 2003/04. Bestandane har tatt seg sakte opp att, men framleis ligg nivået langt under det som vart registrert på 1990-talet. Mest dramatisk har tilbakegangen vore for gråmåse. **Fiskemåsen** har ein stabil, men svært liten hekkebestand på kysten. Det vil truleg ta svært lang tid før den eventuelt når tidlegare, langt høgare bestandsnivå. Hekkebestanden av **krykkje** i fylket er mindre enn ein tredel av bestanden i 1995, men ser no ut til å vere i svak auke. **Ternene** har vore nesten heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane etter ein rask nedgang som begynte for 10-15 år sidan. I 2007 vart ternar for første gong i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men hekkebestandane er framleis små og flyktige, sjølv om potensialet for ny etablering er til stades i form av stadvis store terneflokkar. Allereie på 1990-talet braut bestanden av **tjuvjo** saman i fylket og arten var i fleire år fråverande som hekkefugl, før den i 2010 igjen vart registrert med 3 mogleg hekkande par. Under tilsvarande teljingar på 1980-talet vart det jamt over sett om lag 60 individ.

**Grågåsa** har truleg også gått ein del attende dei siste åra. Etter 2007 har det likevel skjedd ein liten auke, og denne har skjedd gjennom ei jamn spreining av arten utover i fleire av sjøfuglreservata. **Ærfuglen** ser ut til å produsere svært få ungar for tida. Hekkebestanden av ærfugl i fylket var i 2005 den minste som er registrert nokon gong, og det har vore små endringar etter dette. Bestanden er redusert med heile 95 % på litt over 10 år dersom Godø (2000) sitt overslag på 10 000 hekkande par i Sogn og Fjordane var rett.

**Havhest** har hekka i ein svært liten bestand i to av sjøfuglreservata i nordre del av fylket lenge, men forsvann frå eitt av desse i 2009 og det siste i 2010. **Toppskarven** ser ikkje ut til å ha vore alvorleg påverka av næringssvikten i Nordsjøen, og truleg har andre og meir lokale faktorar ført til den generelle tilbakegangen i fylket sidan 1980- og 1990-talet. Arten er følsam for taretråling og ilandstiging på hekkeplassane.

**Både alke, lomvi og lunde** har gått attende med omkring 50 % sidan midten av 1990-talet. Bestandsoverslaga for alke og lomvi er noko usikre pga. dårleg teljemetodikk. Hekkebestanden av **teist** braut saman på slutten av 1980-talet og har vore liten sidan. Til skilnad frå dei andre alkefuglane fiskar teisten i tareskog, og er dermed særleg følsam for taretråling.

## 2.3 Utfordringar

I følgje rapporten "Vest-Nordiske sjøfugler i et presset havmiljø", som vart publisert etter eit arbeidsseminar om sjøfugl som samla ekspertar frå fleire fagmiljø på Færøyane hausten 2007 (TemaNord 2008), har klimastyrte endringar i havet nærast slått ut fleire ledd i næringskjeda til sjøfugl i nordiske farvatn. Dei fuglane som møter opp på hekkeplassane slit med å finne nok mat. Resultatet er at få ungar lever opp. Det er normalt at sjøfuglar kan stå over hekkinga enkelte år. Når dette gjentek seg er det derimot grunn til uro. No er vi i ein situasjon der fleire artar har hatt mislukka hekking fleire år på rad.

Ein hovudkonklusjon i denne ekspertgruppa sin rapport er at det i ei tid med uoversiktlege og komplekse problem for sjøfugl knytt til klimaet, er viktigare enn nokon gong å ta kontroll over andre menneskeskapte faktorar som påverkar sjøfugl negativt. Dette kan vere faktorar som overfiske som medfører redusert næringstilgang for sjøfuglane, at fugl blir fanga i fiskereiskapar og døyr (bifangst), oljeforureining, miljøgifter, jakt og fangst, uroing i viktige leveområde, eller framande artar som kan true hekkande sjøfugl.

Sjøfuglteljingane i Sogn og Fjordane dei siste åra viser at endringane i sjøfuglbestandane i sjøfuglreservata har samsvart godt med omfanget av fisket etter tobis i Nordsjøen, på den måten at hekkebestandane av sjøfugl har vore på eit lågmål når tobisen har vore nedfiska og auka i takt med auka tobisbestandar når fisket har vore stoppa. Tobis og andre "industrifisk" er nok ikkje næring for sjøfuglane direkte, men står så sentralt i økosystemet at endringar i bestanden påverkar fleire ledd i næringskjedene. Det er samtidig grunn til å vere merksam på andre moglege bidrag til svake hekkesesongar. I 2008 vart det t.d. gjennomført seismikkskyting sør på kysten av fylket. Forsøk har tidlegare vist at fisk forlèt område med seismikkskyting, så slik aktivitet nær land midt i hekketida vil naturleg nok kunne skape problem for sjøfuglane sin næringstilgang.

Politikarar og nasjonale styresmakter har den siste tida sett eit større fokus på sjøfuglforvaltning. Miljøvernministrane i dei nordiske landa vedtok i eit møte i Stockholm i september 2008 at det skal arbeidast med ein nordisk tiltaksplan for å motverke nedgangen i sjøfuglbestandane i Vest-Norden. Tiltaksplanen skal utarbeidast gjennom eit samarbeid mellom dei aktuelle nasjonale styresmaktene i dei nordiske landa.



I ein situasjon der mattilgangen er ein avgrensande faktor, vil det vere særleg viktig at sjøfuglreservata er attraktive og eigna for hekking, slik at flest mogleg fuglar kan hekke og få fram ungar innfor rammene av det mattilgangen tillèt. I eit slikt perspektiv ser Fylkesmannen det som viktig at verna hekkelokalitetar er tilgjengelege for fuglane i best mogleg tilstand. For ein del sjøfuglreservat er det nødvendig med skjøtsel for å halde vegetasjonen låg og fri for skog. Det er også svært viktig at ferdselsforbodet i verneområda blir etterlevd, slik at fuglane ikkje blir unødig uroa.

## 3 Ytterøyane naturreservat

### 3.1 Skildring av planområdet



Naturreservatet dekkjer eit areal på om lag 16910 dekar (daa), av dette er om lag 590 daa landareal. Ytterøyane ligg vest for Florø og like nordvest for øya Kinn. Naturreservatet omfattar øygruppene Ytterøyane (i SV), Nærøyane (i SA), Kvitvingane (i NA) og Sverslingane (i NV) med omliggande sjøareal. Dei største øyane er Nærøya og Ytterøya. Det høgste punktet er 37 meter over havet og ligg på Ytterøya, kor også Ytterøyane fyr står. Nærøya er prega av atlantisk lynghei og kulturmarkseng, medan det er attgroande kystlynghei på det meste av Sandøyane. På Ytterøyane er det attgroande kulturmarkseng, lynghei og strandeng, med stadvis mykje berg i dagen og fuglefjelleng på nokre av knausane. Jordsmonnet er gjennomgåande grunt på alle øyane. På Sverslingane og Kvitvingane er det svært lite vegetasjon, berre så vidt litt fuglegjødsla vegetasjon mellom bart fjell. Berggrunnen består av augegneis. Ytterøyane fyr vart automatisert i 2004.

**Figur 1.** Ytterøyane naturreservat ligg i den ytre skjergarden, nord-vest for øya Kinn og vest for Florø, og omfattar fleire øyar, holmar og skjer. Kartet er henta frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no). Grensene for naturreservatet er merka med raudt.

### 3.2 Naturkvalitetar

Naturreservatet omfattar fire åtskilte grunnvassområde med øyer, små holmar og skjer. Områda i nord er prega av berg i dagen, i sør er mange av dei større øyane dekte av ein rik blomsterflora. Ytterøyane er av særleg interesse som hekkplass for måsefuglar. Ved Nærøyane er det store grunnvassområde som er viktige som trekk- og overvintringsplassar for fleire artar av våtmarksfugl. Av påviste hekkande artar kan vi nemne toppskarv, grågås, ærfugl, siland, tjeld, steinvendar, småspove, fiskemåse, sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne og teist. Det er dessutan fanga fleire havsvaler med rugefleck under ringmerking.

I grunnlagsundersøkingane for vernet var det berre området sin funksjon for fugl som vart kartlagt. I september 2011 vart det også gjort undersøkingar av floraen på øyene, samtidig som dei vart kartlagd etter det nye naturinndelingssystemet Naturtypar i Norge (NiN). På Nærøya beiter sau, og her er det godt utvikla kystlynghei, både tørr og fuktig hei. I eit parti med tørr lynghei søraust på øya, finst ein liten førekomst av purpurlyng (nær truga - NT). På vestre del av øya er beitetrykket hardare, og her har det vorte utvikla kulturmarkseng. Berggrunnsforholda gjer at vegetasjonstypane er forholdsvis fattige, men kulturmarksenga er av svak lågurtype, medan lyngheia vekslar mellom fattige og intermediære utformingar.



*Hardt beita kulturmarkseng på den sørvestre delen av Nærøya. Også her vekslar terrenget mellom bart fjell og område med djupt jordsmonn. Foto: Bjørn Harald Larsen.*



*På Ytterøya er det fleire større og mindre humuspyttar med ryllsiv i kanten og hesterumpe og småvasshår ute i dammen. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

Også fattig lyngfukthei er vanleg. På Ytterøyane er det mest attgroande, svak lågurt-kulturmarkseng, med lågurt-fuglefjelleng dominert av karakteristisk artar som strandkvann og strandsmelle på dei fleste knausane. På Litle Ternehaug var denne naturtypen den viktigaste. Store Ternehaug har store areal med svak lågurt-kulturmarksfukteng i tidlig attgroingsfase dominert av storfrytle i skråningane. Strandeng finst berre på svært avgrensa areal, inne i små våger på Nærøya. På Ytterøya er det fleire større, fattige humusdammar, mens det på dei andre øyane berre er små humuspyttar, samt nokre små littoralbasseng. Vegetasjonen i dammar og pyttar er ordinær, med vanlege artar som hesterumpe, småvasshår og ryllsiv.



På Store Ternehaug er det fuglefjelleng av lågurttype på toppen av knausane, dominert av strandkvann og strandsmelle, medan det i lisdene er kulturmarksfukteng heilt dominert av storfrytle. Foto: Bjørn Harald Larsen.

Øygruppene Kvitigane og Sverslingane er heilt vegetasjonslause, og det same gjeld nokre av de mindre øyane kring Ytterøya og Ternehaug. På dei andre øyane er det til dels store areal med


fjell i dagen.

På Nærøya vart det funne fleire artar beitemarksopp. Trolljordtunge (NT) var den einaste raudlistearten som vart påvist. På dei andre øyane vart det ikkje registrert beitemarksopp, noko som skuldast svak hevd og byrjande attgroing.

<b>Naturtyper i Norge (NiN): Hovedtyper/grunntyper kartlagt i Ytterøyane naturreservat</b>			
Hovedtypegrupper: S = Fjæresonesystemer, V = Våtmarkssystemer, T = Fastmarkssystemer			
LD = Landskapsdel			
<b>LD2 Innsjø</b> LD2-6 Kalkfattig humussjø <b>LD3 Fjæresonesjø</b> LD3-2 Littoralbasseng	<b>S3 Driftvoll</b> S3-1 Høgurt-driftvoll <b>S5 Strandberg</b> S5-1 Øvre strandberg S5-3 Nedre strandberg <b>S6 Stein-, grus- og sandstrand</b> S6-2 Sand-forstrand S6-4 Stein-forstrand <b>S7 Strandeng og strandsump</b> S7-3 Øvre salteng S7-8 Nedre salteng	<b>V6 Åpen myrflate</b> V6-5 Kalkfattig myrflate-fastmatte	<b>T2 Konstruert fastmark</b> T2-7 Gårdstun T2-13 Havn <b>T3 Kulturmarkseng</b> T4-2 Svak lågurt-kulturmarkseng T4-6 Svak lågurt-kulturmarksfukteng <b>T5 Kystlynghei</b> T5-1 Kalkfattig kysthei T5-2 Kalkfattig kystfukthei T5-3 Intermediær kysthei <b>T15 Fuglefjell-eng</b> T15-2 Lågurt-fuglefjell-eng <b>T20 Nakent berg</b> T20-1 Kalkfattig knaus

# Ytterøyane naturreservat


Naturtyper etter NiN (hovedtyper)



**Figur 2.** Areal av ulike naturtypar etter NiN-systemet i den søraustlege delen av Ytterøyane naturreservat (Nærøyane/Sandøyane). (sjå forklaring på NiN-kategoriene i tabellen på side 11)

# Ytterøyane naturreservat


Naturtyper etter NiN (hovedtyper)



Figur 3. Areal av ulike naturtyper etter NiN-systemet i den sørvestlege delen av Ytterøyane naturreservat (Ytterøyane/Svartskjera). (sjå forklaring på NiN-kategoriene i tabellen på side 11)

# Ytterøyane naturreservat


Naturtyper etter NiN (hovedtyper)



**Figur 4.** Areal av ulike naturtyper etter NiN-systemet i den nordvestlege delen av Ytterøyane naturreservat (Sverblingane). (sjå forklaring på NiN-kategoriene i tabellen på side 11)

# Ytterøyane naturreservat

Naturtyper etter NiN (hovedtyper)



**Figur 5:** Areal av ulike naturtypar etter NiN-systemet i den nordaustlege delen av Ytterøyane naturreservat (Kvitingane). (sjå forklaring på NiN-kategoriene i tabellen på side 11)



### 3.3 Tilstandsvurdering

Ytterøyane naturreservat hadde omkring vernetidspunktet store bestandar av hekkande stormåse (omlag 210 par gråmåke og 60 par svartbak i 1994) og ærfugl (110 hoer registrert i 1994). I tillegg var det ein stor koloni med raudnebbterne i området (75 par), samt nokre hekkande par med grågås og tjeld. Etter denne registreringa vart det ikkje gjennomført teljingar av sjøfugl i Ytterøyane NR før i 2004. I perioden 2004-2011 har reservatet vorte undersøkt i alle år med unntak av i 2006. Ikkje heile reservatet har vorte kartlagt kvart år pga. vêrtilhøva.

Sjøfuglteljingane etter 2004 viser ein markert tilbakegang i talet på hekkande stormåsar i reservatet. Etter det store samanbrotet i sjøfuglbestandane rundt heile Nordsjøen i 2003/2004 var bestandene på et absolutt minimum med berre eit påvist hekkande par med svartbak i 2004. Sidan har bestandene tatt seg noko opp, og i 2010 hekka 25 par gråmåse og 35 par svartbak i reservatet. Sildemåse hekkar berre år om anna, medan fiskemåse har etablert seg dei seinare åra (5-10 par). Verken raudnebbterne eller makrellterne har vorte funne hekkande i Ytterøyane naturreservat på 2000-talet.

Bestanden av ærfugl ser også ut til å ha gått sterkt attende, sjølv om det ikkje føreligg sikre tal på hekkebestanden frå 1994. Men om ein ser på tal hoer registrerte under sjøfuglteljingane skulle det tilseie ein dramatisk tilbakegang (110 hoer i 1994, mot mellom 5-18 hoer i perioden 2004-2011). Grågås ser ut til å ha halde seg relativt stabilt på 1-5 par (samt nokre fleire ikkje-hekkande fuglar registrert).

Toppskarv etablerte ein koloni på Sverslingane rundt 1997, og denne flytta seinare til eit mindre eksponert område ved Ytterøyane fyr. På det meste talte denne kolonien 56 par (i 2003). Sidan har bestanden gått attende, truleg pga. forstyrningar (Larsen 2010) og ser no ut til å vere heilt på veg ut. Desto meir gledeleg er det at teist har byrja å hekke i naturreservatet. I perioden 2007-2011 har 3-7 par hekka.

**Tabell 1.** Tal hekkande par (=reir/ungekull) for dei viktigaste artane i Ytterøyane naturreservat i perioden 1982-2011. Talet på individ (ind.) er vist der det ikkje er gitt noko overslag over hekkebestand. Teljingane er hovudsakeleg gjort i første del av juni eller siste del av mai (2009).

Art	1978	1982	1994	2004	2005	2007	2008	2009	2010
Ærfugl	60 reir	81 hoer	110 hoer	?	?	18 hoer (10-15 par)	5 hoer (3 par)	11 hoer (5-10 par)	9 hoer (5-10 par)
Siland		9 hannar							
Toppskarv	8 ind.	11 ind.		29	20-30	10	5	5-10	
Tjeld		6	9	8 ind.	18 ind.	3	9	2	9
Storspove <b>NT</b>		1+							
Småspove		1+				1	1		
Steinvendar		6							
Svartbak	120	95	60	1	10	70	10	5	35
Gråmåse	35	45	215		2	35	4-5	10	25
Sildemåse					1		1		
Fiskemåse <b>NT</b>						5-10		5	4
Raudnebbterne		7	75						
Terne ub.	10-15								
Teist <b>VU</b>	15-20	7				3		7	5

Teist var på slutten av 1970-talet vanleg og temmeleg talrik i området, med 5-6 reir årleg på Ytterøya og 10 ind. registrert i Sverslingane og 20 ind. ved Nærøyane i 1978 (Godø 1978). Dei siste åra har bestanden låge på mellom 3 og 7 hekkande par. Arten er vanskeleg å taksere, og registreringar tidleg på morgonen gjer langt høgare tal enn elles i døgeret. Det er difor ikkje sikkert at bestandsutviklinga har vore like negativ som tala tilseier.

Av vadefuglar hekkar tjeld med nærare 10 par i gode år. Bestanden varierer frå år til år, utan at det er nokon tydeleg trend. Småspove hekka truleg i 2007 og 2008, medan andre vadefuglar har vorte sett i hekketida utan klare hekkeindikasjonar. Steinvendar hekka tidlegare med inntil 6 par (1982). Den har ikkje vorte registrert i samband med sjøfuglteljingane i fylket i perioden 2004-2011. Ved Ytterøyane fyr er det fanga fleire havsvalar med rugeflekk i samband med ringmerking. Dette kan bety at arten hekkar på øyane, som er godt eigna for arten. På grunn av arten sitt nomadiske levevis, også i hekkesesongen, kan likevel ikkje funn av fuglar med rugeflekk brukast som hekkeprov.

Nærøya beitast framleis av sau (15-20 dyr), og dette gjer at kystlyngheia og kulturmarksenga her er i god hevd, utan teikn på attgroing. På Ytterøyane beitast det ikkje lenger, og attgroinga gjer at både naturengartar og beitemarksopp er i ferd med å gå ut eller har gått ut. På sikt kan dette også ramme sjøfuglane, ved at lyngen blir høgvakser og busker etter kvart også får fotteste. Utviklinga i karplantefloraen og soppfungaen er det ikkje mogleg å seie noko konkret om, då registreringane i 2011 var den fyrste systematiske kartlegginga i reservatet.



*Trolljordtunge (NT) i beitemark på Nærøya. Saman med purpurlyng (også NT) dei einaste raudlistearterane utanom fugl og pattedyr som er registrert i naturreservatet. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

## 3.4 Trugsmål

Eit tema som er teken opp i dei fleste rapportane frå sjøfuglteljingane i naturreservata i Sogn og Fjordane er brot på landstigingsforbodet på Ytterøya. Ferdslar i hekketida fører med seg uroing av dei hekkande fuglane og kan gjere sitt til at hekkinga blir avbrote det aktuelle året. På Nærøyane blir det kvart år sankt ein del måseeegg av innbyggjarar på Kinn som påstår å ha hevdmessig rett til det (Hermod Seim pers. medd.). Etter viltlova § 44 gjeld det generelt (utanfor naturvernområde) at det berre er grunneigar eller brukar som har rett til å sanke egg. I sjøfuglreservata er det eit generelt forbod mot å fjerne egg frå reira, men unntak er gjort for sanking av egg og dun frå tidlegare fredlyste egg- og dunvær. Fylkesmannen er ikkje kjent med dokumentasjon på at Ytterøyane eller Nærøyane var fredlyst egg- og dunvær, sjå også kap. 4.5. Eggsankinga som går føre seg på Nærøyane er difor både eit brot på ilandstigingsforbodet og på forbodet mot å fjerne egg frå reir.

På Internett blir det reklamert for kystturar med hurtiggåande båt (RIB) frå Florø, mellom anna i form av "Fyrsafari" der Ytterøyane er eit av fleire turmål det reklamerast med. Statens naturoppsyn har ikkje meldt om problem med denne aktiviteten ved Ytterøyane i hekketida, men potensialet for skade er heilt klårt til stades, og ikkje berre i hekketida. Ytterøyane er viktig m.a. for fjørfellande ærfugl som utover sommaren og hausten samlast i området.

Attgroing av lynghei med busker og tre er ikkje eit problem for sjøfuglbestandane i Ytterøyane naturreservat, slik det kan vere lenger inn på kysten og i fjordstroka i fylket. Lyngen på Nærøya og på mindre delar av Ytterøyane er likevel i ferd med å bli grov og forholdsvis høgvaksen, noko som gir dårlegare tilhøve for hekking av t.d. måsar. Samtidig er dette uheldig for andre delar av det biologiske mangfaldet som er tilpassa langvarig, tradisjonell bruk av øyane til beiting i kombinasjon med brenning av lyng.



*Attgroing med busker og tre vil truleg aldri bli eit problem i Ytterøyane naturreservat pga. dei harde vêrtilhøva. Denne rogn som kryp inntil berget på sørsida av Ytterøya var det einaste treet som vart registrert i reservatet i september 2011. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

Kanin vart sett ut på Ytterøya for fleire år tilbake (Hermod Seim pers. medd.). Arten vart ikkje registrert under synfaringa i september 2011, men nyleg utgravne hol vart registrert under sjøfuglteljingane tidlegare på året. Det er ulovleg å setje ut vilt i Ytterøyane naturreservat (jf. pkt. IV, 2), men utsetjing av kaninar skriv seg truleg frå tida før Ytterøyane vart verna som naturreservat.

### 3.5 Bevaringsmål

Direktoratet for naturforvaltning har utvikla eit system for å overvake tilstanden i verneområda. Ved hjelp av konkrete "bevaringsmål" skal det målast om tilstanden i verneområda er slik vi ønskjer han skal vere. For sjøfuglreservata vil utviklinga i talet på hekkande fugl over tid vere eit mål for tilstanden. Dette kan dokumenterast gjennom systematiske teljingar og overvaking. I tillegg er det aktuelt å sette bevaringsmål for kulturmarkseng og kystlynghei og raudlista beitemarksopp i dette verneområdet. Førekomsten av både kulturmarkseng og tradisjonelt nytta kystlynghei (brenning og beiting) vil verke inn på hekkebestandane av sjøfugl. Ei attgroing av desse opne naturtypene vil gjere øyane mindre eigna for sjøfuglhekking generelt. Bruken av områda til beiting har gitt opphav til ein funga av beitemarksopp (på Nærøya), som også er ein viktig kvalitet med verneområdet.

Eit naturleg bevaringsmål for Ytterøyane naturreservat vil vere at talet på hekkande artar og par i reservatet skal vere minst på same nivå som ved vernetidspunktet. For å talfeste dette nærare tek vi utgangspunkt i teljingane frå 1994, som er det næraste vi kjem bestandstala ved vernetidspunktet i tid. Teljingar frå tidleg på 1980-talet vart lagt til grunn for verneforslaget og vernevedtaket i 1993. Sjøfuglundersøkingane i 1982-84 omfatta i liten grad Ytterøyane, då vørtilhøva gjorde at teljingar ikkje vart gjennomført (med unntak av i 1982, då Ytterøyane og Nærøyane vart undersøkt). Difor er det i all hovudsak resultatet frå teljingane i 1994 som er lagt til grunn ved fastsetjing av bevaringsmål. Toppskarven etablerte seg som hekkfugl i reservatet først i 1997, så for denne arten er det tatt utgangspunkt i nyare registreringar frå området (m.a. ringmerkjingsdata frå Vidar Seim)

Fordi tala for mange artar varierer mykje frå år til år, og nokre artar berre er registrert ein eller to gongar, brukar vi eit vekta snitt for å angi kva nivå vi ønskjer at hekkebestandane minst skal vere på (tabell 2). For artar som var vesentleg meir talrike på 1990-talet enn i dag, som t.d. ærfugl og raudnebbterne, er bevaringsmål sett mellom bestandsnivået den gong og i dag. Artar som er observerte hekkande berre ein gong ser vi ikkje grunn til å sette bevaringsmål for, med unntak for dei artane vi meiner bør vere representerte i eit slikt område. Artar som i større eller mindre grad er avhengig av at landskapet haldast ope ved beite, som t.d. småspove, er det også sett bevaringsmål for – ut frå eit ønske om at dei kulturavhengige naturtypene skal haldast i hevd. Sjølv om dei ikkje er naturlege å inkludere i bevaringsmåla for eit sjøfuglreservat, vil dei dra nytte av dei same forvaltningstiltaka som er gunstige for mange sjøfuglar i reservatet. Tjeld er også teke med, sjølv om den heller ikkje er ein typisk sjøfugl. Arten er likevel ein vanleg og karakteristisk representant for vadefuglane i dei aller fleste sjøfuglreservata langs kysten.

For å nå bevaringsmålet for tal hekkande artar og par, er det avgjerande at fuglane ikkje blir uroa i hekketida.

**Bevaringsmål** (definerer kva tilstand det er ønskeleg at ein naturkvalitet skal ha):

- Talet på artar og par som hekkar i reservatet skal vere på omlag same nivå som i perioden rundt vernetidspunktet, dvs. 5 par grågås, 50 par ærfugl, 5-10 par tjeld, 5-10 par fiskemåse, 100 par gråmåse, 70 par svartbak, 20-30 par raudnebbterne og 5 par teist. Toppskarv etablerte seg i 1997, og var oppe i 56 par i 2003. Arten har etter det gått sterkt tilbake på grunn av forstyrning i hekketida, men det bør vere eit potensial for minst 30 par i reservatet. For småspove og sildemåse er bevaringsmålet at det skal vere årvisst hekking, utan at det er grunnlag for å spesifisere talet på par.
- Holmane skal vere tilgjengelege og eigna for hekking for dei nemnde artane, dvs. at området i hovudsak skal vere utan busker og at lyngen skal haldast under 40 cm høg.
- Fuglane skal ikkje bli unødig uroa av ferdsel i hekketida.

**Tabell 2.** Grunnlagsdata for å vurdere nivået for bevaringsmåla for sjøfugl i Ytterøyane naturreservat.

Art	1982	1994	2003-2011	Bevaringsmål
Toppskarv	11 ind.		0-56 par	30 par
Ærfugl	81 hoer	110 hoer	3-15 par	50 par
Grågås		3 par	1-5 par	5 par
Tjeld	6 par	9 par	2-9 par	5-10 par
Småspove			0-1 par	Hekking
Fiskemåse			5-10 par	5-10 par
Sildemåse			0-1 par	Hekking

Gråmåse	45 par	215 par	2-35 par	100 par
Svartbak	95 par	60 par	1-70 par	70 par
Raudnebbterne	7 par	75 par		20-30 par
Teist	7 par		0-7 par	5 par



Fiskemåse (til venstre) og gråmåse er to artar det er satt bevaringsmål for i Ytterøyane naturreservat. Foto: Tore Larsen.

Når det gjeld naturtypene kulturmarkseng og kystlynghei finst det ingen dokumentasjon på førekomsten ved vernetidspunktet. Truleg var det noko større areal med kulturmarkseng i 1993, medan arealet av kystlynghei truleg var om lag det same. Men viktigare enn arealmål for desse naturtypene er tilstandsmål. Berre Nærøya blir beita av sau pr. 2011, og både kulturmarksengene og kystlyngheia på Ytterøyane er i tidleg attgroingsfase, sidan det ikkje har vore beitedyr her på om lag 40 år (Vidar Seim pers. medd. i 2008). På Kvingane og Sverslingane er det ikkje vegetasjon av nemneverdig omfang. Bevaringsmåla må difor knytast opp mot bruk av dei større øyane til beite, og gjerne i kombinasjon med brenning tidleg på ettervinter/tidleg vår. Sau på beite i hekketida er likevel ikkje problemfritt i høve til hekkande sjøfugl. Særleg er øyane rundt Ytterøyane fyr bratte og kuperte, slik at eventuelle beitedyr kan føre til trakkskader i reir som gjerne er å finne på dei same stadene som det er naturleg for sau å beite i.

Tabell 3. Bevaringsmål for friluftsliv, sjøfugl og naturtypar og flora/funga i Ytterøyane naturreservat.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvåkingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
<b>Friluftsliv</b>				
Ferdsl Status: Ulovleg ilandstiging registrert kvart år	Ulovleg ilandstiging skal ikkje førekome i reservatet	Årleg registrering gjennom oppsynet med verneområdet	<u>God:</u> Det blir ikkje registrert brot på ilandstigingsforbodet i reservatet. <u>Middels:</u> Det blir registrert brot på ilandstigingsforbodet kvart år. <u>Dårlig:</u> Det blir registrert brot på ilandstigingsforbodet fleire gonger kvart år.	1. Oppsetting av informasjonsskilt på kaia nedafor fyret på Ytterøya. 2. Styrking av oppsyn, informasjon og haldningsskapande arbeid. 3. Melding og etterforskning av brot på ilandstigingsforbodet.
Eggsanking Status: Eggsanking føregår på Nærøyane, truleg kvart år	Eggsanking skal ikkje førekome i reservatet	Årleg registrering gjennom oppsynet med verneområdet	<u>God:</u> Det blir ikkje registrert brot på forbodet mot eggsanking i reservatet. <u>Middels:</u> Det blir registrert brot på forbodet mot eggsanking år om anna.	1. Oppsetting av informasjonsskilt på kaia nedafor fyret på Ytterøya, og på Nærøyane. 2. Styrking av oppsyn, informasjon og haldningsskapande

<b>Tilstandsvariablar</b>	<b>Bevaringsmål</b>	<b>Overvakingsmetode</b>	<b>Tilstandsklasse</b>	<b>Aktuelle tiltak</b>
			<u>Dårlig:</u> Det blir årleg registrert brot på forbodet mot eggssanking.	arbeid. 3. Melding og etterforsking av brot på forbodet mot eggssanking.
<b>Sjøfugl</b>				
Ærfugl  Status: 10-15 hekkande par dei siste åra	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på minst 50 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfuglteljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	1. Oppføring av ehus på Ytterøya, der det truleg har vore slike hus også tidlegare. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Toppskarv  Status: Koloni etablert tidleg på 2000-talet, men hekking ikkje registrert etter 2009	Naturreservatet skal ha ein koloni med hekkande toppskarv	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfuglteljngane i fylket	<u>God:</u> Det finst ein hekkekoloni av toppskarv i reservatet, som følgjer same utvikling som andre koloniar i fylket. <u>Middels:</u> Toppskarv blir registrert i hekketida med mistanke om hekking. <u>Dårleg:</u> Det blir ikkje registrert hekking eller mistanke om hekking av arten.	1. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida, særleg på Ytterøya.
Tjeld  Status: opptil 9 hekkande par	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på 5-10 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfuglteljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	1. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Småspove  Status: Hekking år om anna	Naturreservatet skal ha hekkande småspove	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfuglteljngane i fylket	<u>God:</u> Det blir registrert territoriehevdande småspove i reservatet. <u>Middels:</u> Småspove blir registrert i hekketida. <u>Dårleg:</u> Arten blir ikkje registrert i samband med sjøfuglteljngane i sjøfuglreservata.	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (8-10 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg landstiging i hekketida.
Fiskemåse  Status: Ein koloni med 5-10 hekkande par dei siste åra	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på 5-10 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfuglteljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (5-10 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å

<b>Tilstandsvariablar</b>	<b>Bevaringsmål</b>	<b>Overvakingsmetode</b>	<b>Tilstandsklasse</b>	<b>Aktuelle tiltak</b>
			på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Sildemåse  Status: Hekking år om anna	Naturreservatet skal ha hekkande sildemåse	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfugl-teljngane i fylket	<u>God:</u> Det blir registrert hekking av sildemåse i reservatet. <u>Middels:</u> Sildemåse blir registrert i hekketida med mistanke om hekking. <u>Dårlig:</u> Verken hekking eller mistanke om hekking av arten blir registrert.	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (3-5 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Gråmåse  Status: 10-35 hekkande par dei siste åra	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på minst 100 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfugl-teljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (3-5 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Svartbak  Status: 10-70 hekkande par dei siste åra	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på minst 70 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfugl-teljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (3-5 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Raudnebbterne  Status: Ikkje påvist hekkande på 2000-talet	Naturreservatet skal ha ein koloni med hekkande raudnebbterne	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfugl-teljngane i fylket	<u>God:</u> Det blir registrert ein ternekoloni i reservatet. <u>Middels:</u> Raudnebbterne blir registrert i hekketida med mistanke om hekking. <u>Dårlig:</u> Det blir ikkje registrert hekking eller mistanke om hekking av arten.	1. Brenning av lyng med jamne mellomrom (3-5 år) på Nærøyane og aktuelle øyer i Ytterøyane. 2. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida.
Teist  Status: 3-7 hekkande par dei siste år	Naturreservatet skal ha ein hekkebestand på minst 5 par	Årlege registreringer gjennom dei faste sjøfugl-teljngane i fylket	<u>God:</u> Hekkebestanden er lik eller større enn ved vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Hekkebestanden ikkje redusert meir enn 25 % samanlikna med status	1. Styrka oppsyn og informasjon for å unngå ulovleg ilandstiging i hekketida, særleg på Ytterøya.



<b>Tilstandsvariablar</b>	<b>Bevaringsmål</b>	<b>Overvåkingsmetode</b>	<b>Tilstandsklasse</b>	<b>Aktuelle tiltak</b>
			på vernetidspunktet. <u>Dårleg:</u> Hekkebestanden redusert med meir enn 25 % samanlikna med status på vernetidspunktet.	
<b>Naturtyper og flora/funga</b>				
Kulturmarkseng med hevdintensitet (HI) = 3 og bruksintensitet (BI) = 3  Status: Nærøya har et større areal med kulturmarkseng på den vestre delen, samt at det er mosaikk av kulturmarkseng og kystlynghei elles på øya. Statusen har truleg ikkje endra seg vesentleg sidan vernetidspunktet.	Arealet av kulturmarkseng med god hevd skal oppretthaldast og helst aukast ut over nivået ved vernetidspunktet	Flybildetolking. Arealoppgåver over talet på sau som slippes på øyane. Tilstandssjekk kvart 5. år	<u>God:</u> Arealet av kulturmarkseng i god hevd har auka med minst 20 % sidan vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Arealet av kulturmarkseng i god hevd er halden innafor +/- 20 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårlig:</u> Arealet av kulturmarkseng i god hevd er redusert pga. lavt dyretal/ manglande beiting med meir enn 20 % sidan vernetidspunktet.	1. Stimulere til bruk av beitedyr på dei øyane i reservatet der dette blir vurdert å vere naudsynt for å halde beitemark i hevd. 2. Tilrettelegging for enklare bruk av øyane til beite så langt dette ikkje kan vere til ulempe for hekkande fugl.
Kystlynghei med hevdintensitet (HI) = 3 og bruksintensitet (BI) = 3  Status: På Nærøya er det dominans av kystlynghei på den austre delen (i mosaikk med kulturmarkseng på dei best beita areala). Det har ikkje vorte brent lyng på lang tid. Statusen har truleg ikkje endra seg vesentleg sidan vernetidspunktet.	Arealet av lynghei med tradisjonell hevd (brenning) skal oppretthaldast og helst aukast ut over nivået ved vernetidspunktet	Flybildetolking. Oversikt over talet på dispensasjonar til brenning. Tilstandssjekk kvart 5. år	<u>God:</u> Arealet av kystlynghei med tradisjonell hevd har auka med minst 20 % sidan vernetidspunktet. <u>Middels:</u> Arealet av kystlynghei med tradisjonell hevd er halden innafor +/- 20 % samanlikna med status på vernetidspunktet. <u>Dårlig:</u> Arealet av kystlynghei med tradisjonell hevd er redusert pga. manglande brenning og etterfylgjande beiting med meir enn 20 % sidan vernetidspunktet.	1. Dispensasjon til brenning av øyer med kystlynghei skal som hovudregel gis, med nærare krav om tidspunkt og tryggleikssyn. 2. Stimulere til bruk av beitedyr på øyer med lynghei i reservatet. 3. Tilrettelegging for enklare bruk av øyane til beite, så langt dette ikkje kan vere til ulempe for hekkande fugl.
Purpurlyng  Status: Veks på eit lite areal søraust på Nærøya. Fleire førekomstar kan finnes.	Ytterøyane naturreservat skal ha førekomst av raudlistearten purpurlyng	Tilstandssjekk kvart 5. år	<u>God:</u> Det blir registrert fleire førekomstar av purpurlyng i reservatet. <u>Middels:</u> Det blir registrert purpurlyng i reservatet. <u>Dårlig:</u> Det blir ikkje registrert purpurlyng i reservatet.	1. Dispensasjon til brenning av øyer med kystlynghei skal som hovudregel gis, med nærare krav om tidspunkt og tryggleikssyn. 2. Stimulere til bruk av beitedyr på øyer med lynghei i reservatet.
Beitemarksopp  Status: Det er førekomst av ein raudlista beitemarkssopp på Nærøya (trolljordtunge).	Reservatet skal ha førekomst av minst ein raudlista beitemarksopp	Tilstandssjekk kvart 5. år	<u>God:</u> Det blir registrert meir enn ein raudlista beitemarksopp i reservatet. <u>Middels:</u> Det blir registrert ein raudlista beitemarksopp i reservatet. <u>Dårlig:</u> Det blir ikkje	1. Stimulere til bruk av beitedyr på dei øyane i reservatet der dette blir vurdert å vere naudsynt for å sikre førekomstar av beitemarkssopp.

<i>Tilstandsvariablar</i>	<i>Bevaringsmål</i>	<i>Overvakingsmetode</i>	<i>Tilstandsklasse</i>	<i>Aktuelle tiltak</i>
			registrert raudlista beitemarksopp i reservatet.	



*På Nærøya vart det registrert eit lite felt med den raudlista purpurlyngen. Denne arten er tilpassa den tradisjonelle bruken av kystlyngheiane med brenning og beiting, og det er difor viktig at denne bruken held fram på Nærøya. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

## 4 Brukarinteresser i Ytterøyane naturreservat

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva tiltak og aktivitetar som er tillate i Ytterøyane naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg I.

Det er særleg nokre delar av verneforskrifta som gir føringar for forvaltinga og bruken. Forbodsreglane står lista i punkt IV:

- 1. All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.*
- 2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging. Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.*
- 3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, brygger, anlegg og faste innretningar, havbruksanlegg, opplag av båtar o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse over eller under havflata, tømning av avfall, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningstilførsler og bruk av kjemiske middel. Oppstillinga er ikkje fullstendig.*
- 4. I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 10 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 10 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamuflasjeinnretningar for fotografering er forbode.*
- 5. Lågtflyging under 300 m er forbode.*

I punkt V i verneforskrifta er det lista opp unntak frå forbodsreglane. I punkt VI går det fram kva aktivitetar og tiltak forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til etter søknad. Forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen) kan dessutan gjere unntak etter reglane i naturmangfaldlova § 48 (jf. vedlegg I).

Dei mest aktuelle brukarinteresser er omtalte nedanfor, med tilvising til kva delar av verneforskrifta som opnar for eller avgrensar aktuelle tiltak og aktivitetar.

### 4.1 Beiting og brenning

Beiting og brenning kan gi betre hekkeforhold for sjøfugl, ved at vegetasjonen blir halden nede. I dag er det ei utfordring i mange av sjøfuglreservata at den tradisjonelle beitebruken har teke slutt, slik at attgroinga har vorte eit trugsmål mot verneføremålet. I slike område er det ønskeleg at den tradisjonelle bruken av sjøfuglreservata, med beiting og brenning, blir

teke opp att. For Ytterøyane naturreservat, som ligg ytst i skjergarden med harde vêrtilhøve, er ikkje attgroing med buskar og kratt eit problem for sjøfugl, slik det er i mange sjøfuglreservat inne i fjordane.

### Beiting

I verneforskrifta punkt V, 3 er det sagt at vernet ikkje er til hinder for "*Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.*" Det er såleis opna for å ha sau på beite i reservatet og for naudsynt ferdsel og vedlikehaldsarbeid knytt til dette, også i hekketida. Ved slik ferdsel og arbeid i reservatet bør det leggast vekt på å gjere uroing av hekkande fuglar så kortvarig som mogleg.

Gjennom forskrifta er det ikkje direkte heimel til å ha andre dyr enn sau på beite. Dette fordi andre typar beitedyr vart sett på som lite aktuelt då vernet vart gjennomført. Dersom det likevel skulle vere ønskje om å setje ut andre dyr på beite, må dette i tilfelle søkjast om. I 1995 fekk grunneigar på Nærøya løyve til å beite med storfe her på lik linje med sau, då forvaltingsstyresmakta vurderte at dette ikkje var i strid med verneføremålet. Ein slik søknad ville truleg fått eit anna utfall no, då det er mange eksemplar på at storfe kan gjere skade gjennom å trække ned reir med egg.

Fylkesmannen har så langt lite erfaring med geit i sjøfuglreservata, men vil vere opne for å gi løyve for eit år av gongen inntil ein får eit grunnlag til å vurdere om geitene kan ha negativ innverknad på hekkinga i området. På Ytterøyane (rundt fyret) vil ein vere meir restriktive med å opne for geiter på beite i hekketida, på grunn av faren for at dyra kan verke negativt inn på hekkinga. Beiting utanom hekketida vil det truleg vere kurant å få løyve til, særleg på dei største øyane/holmene som er så store og av ein slik type at det kan sjås bort frå problem knytt til nedbeiting og erosjon.



*I dag er det berre på Nærøya at det går sau på beite i reservatet. Truleg har både denne øya og dei andre større øyane tidlegare vorte brent med jamne mellomrom for å forbetra beitetilhøva. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

Dersom det er aktuelt å la sau beite vinterstid, må det søkjast Mattilsynet om dispensasjon for dette. Det er då vanleg at det blir stilt vilkår om skjul for sauene, jf. "Forskrift om velferd for småfe" §§ 17 og 18. Oppføring av ein slik konstruksjon for å gi skjul/ly til dyr på vinterbeite er søknadspliktig etter verneforskrifta. Eit eventuelt skjul må plasserast mest mogleg skjerma sett frå sjøen og utformast slik at det går mest mogleg i eitt med terrenget/omgjevnadene. Det bør konstruerast slik at det ikkje verkar forlokkande som opphaldsplass for folk og fører til ilandstiging og ferdsel i tida med ilandstigingsforbod.

### Brenning

Vi kjenner ikkje til om det har vore vanleg med gras- eller lyngbrenning på desse øyane, men det er svært sannsynleg at brenning og etterfylgjande beiting vart praktisert for nokre generasjonar sidan. Det er ikkje direkte opning i verneforskrifta for lyng- og grasbrenning, slik det er for tradisjonelt beite. Når brenning (og anna fjerning av vegetasjon) krev særskilt løyve frå forvaltingsstyresmakta, er det ikkje for å hindre skjøtsel, men for å sikre at tiltaka blir gjort på ein måte som fremjar verneføremålet.

Brenning, som i utgangspunktet er eit viktig element i skjøtsel av lyngheilandskapet, kan t.d. verke negativt dersom det blir gjort til feil tid, slik at ein brenn vekk frø og humuslaget. Brenning bør difor skje i perioden januar til midten av mars. Det må anten vere frost/tele i bakken eller vått.

Nyare erfaringar har vist at oppfølging etter brenning kan vere viktig for å unngå uheldige bieffektar som at det veks opp mykje einstape. Det bør i utgangspunktet ikkje gjennomførast lyngbrenning der det veks einstape, utan at ein har metodar for å fjerne eventuell einstape som veks opp etterpå. Einstape vart ikkje registrert under synfaringa i september 2011, og det er difor lite sannsynleg at dette blir eit problem i Ytterøyane naturreservat.

## 4.2 Friluftsliv og ferdsel

Sjøfuglane treng ro i hekkesesongen for å kunne lykkast med å bringe nye generasjonar av sjøfugl på vengene. Det er difor lagt inn forbod mot ilandstiging i vernereglane. I dei aller fleste sjøfuglreservata i fylket er det også forbod mot ferdsel og friluftaktivitetar nærare enn 50 meter frå land, men i Ytterøyane og ti andre naturreservat er denne sona redusert til ei 10-metersone. Dette vart gjort av omsyn til friluftinteressar og grunneigarane sin tradisjonelle bruk av områda. Verneforskrifta for Ytterøyane, punkt IV, 4, seier at ” *I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og i ei sone ut til omlag 10 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 10 m sone, camping, teltslåing og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.*”

Den generelle haldninga blant friluftsutøvarar er at ferdselsforbodet skal respekterast. Dessverre kan uvettig oppførsel frå enkeltpersonar og enkeltgrupper føre til stor skade. Sjølv kortvarige forstyrringar kan gi alvorlege følgjer. Ved uroing blir egg og ungar liggande ope og er lett bytte for t.d. ramn og kråke. Egg og ungar kan også døy på grunn av nedkjøling, eller på grunn av høg temperatur i solskin. Det er difor viktig at ferdselsforbodet blir etterlevd i hekketida. Eventuelle problem med brot på ferdselsforbodet bør møtast med auka oppsyn, informasjon og haldningsskapande arbeid.

Utanom tida med ferdsels- og ilandstigingsforbod er ikkje vernet til hinder for naturvennleg friluftsliv. I følgje verneforskrifta punkt V, 5 og 7 er vernet ikkje til hinder for ”*Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod*” eller ”*Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet.*”

Ferdsel kring fyret på Ytterøyane i perioden med ilandstigingsforbod er eit problem som blir påpeikt i mange av rapportane frå overvåkinga av sjøfugl i fylket. Slik ferdsel fører til redusert ungeproduksjon hos artane som hekker på øya, fyrst og fremst gjennom at egg eller små ungar blir eksponert for oppheting eller nedkjøling, og for predatorar. Det bør settast opp ein informasjonsplakat på brygga ved fyret om ilandstigingsforbodet og konsekvensar av å bryte dette, både for sjøfuglane og for den som utøver lovbrotet.

## 4.3 Jakt

Verneforskrifta punkt IV, 2 andre ledd seier at ”*Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsetjing av vilt er forbode.*” Det er såleis ikkje høve til å jakte i området.

Forvaltingsstyresmakta kan likevel gi løyve til felling av vilt som valdar vesentleg skade, jf verneforskrifta punkt VI, 1. Det er kjent at mink kan gjere stor skade i sjøfuglkoloniar, og at fellefangst i slike tilfelle kan vere eit tiltak som nyttar. Det er ikkje ønskjeleg med fellefangst av mink i hekketida, men utanom hekketida, i perioden 1. august til 1. april, vil dette vere positivt.

Fiskeridirektoratet har søkt om jakt på sel i nokre av sjøfuglreservata, og i nokre reservat vart det i fleire år gjort unntak frå vernereglane sine føresegner om vern av alt vilt og forbodet mot bruk av skytevåpen. Eit viktig utgangspunkt har var at jakta ikkje skulle vere i strid med verneføremålet, som m.a. er å gi sjøfuglane gode og trygge livsvilkår og å ta vare på ein viktig hekke-, trekk-, og overvintringslokalitet. Det vart lagt vekt på fiskeristyresmaktene sine vurderingar av kveisproblematikk, og at Havforskningsinstituttet har gjennomført vitskaplege granskningar av dei felte selane. Eit hovudgrunnlag var også at steinkobbe er så stadbunden at det er vanskeleg å gjennomføre bestandsregulering utan at jakt i sjøfuglreservat har vore tillate.

Etter 2006 har det ikkje vorte gitt dispensasjon for seljakt i sjøfuglreservata, både fordi jaktperiodane har vist seg å kunne vere i konflikt med verneføremålet (på grunn av forstyrning av overvintrande fugl, tidlegare hekkestart og dels også lenger hekkesesong), og fordi steinkobben no er på den norske raudlista over truga artar. Der seljakt kan skje andre stader, bør ikkje jakt skje i sjøfuglreservat.

Ytterøyane er ikkje blant dei reservata fiskeridirektoratet har søkt om dispensasjon for, og ut frå dagens situasjon reknar ikkje Fylkesmannen med at det er aktuelt med seljakt i Ytterøyane naturreservatet.

## 4.4 Fiske

I følgje verneforskrifta punkt V, 4, er vernet ikkje til hinder for:

*”Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod”.*

Punkt V, 4 er eit unntak frå ferdselsforbodet innafor vernegrensene i hekketida, og opnar altså for naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar heile året. Også for grunneigarar/heimelshavarar er naudsynt ferdsel med båt i samband med utøving av gjeldande fiskerettar lovleg heile året.

Ut frå eit ønskje om å ta vare på heilskapen i økosystemet i naturreservatet, er alt ”dyre- og fugleliv” verna mot skade og øydelegging (verneforskrifta punkt IV). Det har likevel ikkje vore meininga å hindre fiske etter gjeldande reglar og forskrifter, og difor er det spesifisert i punkt V, 8 at reglane ikkje er til hinder for:

*”Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbode”.*

Dette er eit unntak frå regelen om at alt dyreliv er freda, og tyder at yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar har rett til å fiske (og fjerne marine, virvellause dyr for hand)

heile året. Fritidsfiskarar har rett til å fiske etter havressurslova (tidlegare saltvassfiskelova) sine reglar heile året, med unntak for 10-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

Formuleringa *"fjerning av marine, virvellause dyr for hand"* fortener ein kommentar. Virvellause dyr er eit samleomgrep for alle dyr som manglar virvelsøyle (ryggsøyle). "Marine virvellause dyr" vart teke inn m.a. for å sikre at vernet ikkje skulle bli ei hindring for å ta ut skadegjerande virvellause rovdyr (t.d. kråkeballar og sjøstjerner) dersom desse skulle vise seg å bli eit problem for til dømes nærliggande havbeiteområde for kamskjel eller andre havbruksanlegg. Føremålet var ikkje å opne for industrielt uttak av enkeltartar. Verneforskrifta byggjer på ein føresetnad om at uttak av marine virvellause dyr neppe vil få eit slikt omfang at det kjem i konflikt med føremålsparagrafen (III), der det står at føremålet med vernet er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl *"med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv"*. Ein slik konflikt kan tenkjast dersom det blir hausta så mykje sniglar, skjell, kråkeballar eller liknande at det t.d. fører til ei påviseleg endring i faunasamansetjinga eller plantelivet. Her spelar det også inn at virvellause, marine dyr det meste av året er føde for fleire fugleartar. Sniglar og skjell på ulike stadium er også viktige næringsemne for andre marine virvellause dyr og fisk, som igjen er føde for organismar høgare i næringskjeda - som t.d. sjøfugl. Innsamling av virvellause dyr (t.d. strandsniglar og kråkeballar) i industriell skala er såleis ikkje ønskeleg, og maskinell hausting er ikkje tillate etter verneforskrifta.

Med *"når utøveren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet"* er det meint ferdsel for yrkesfiskarar og grunneigarar / heimelshavarar i samband med fiske, slik det er skrive i punkt V, 4. I tillegg viser formuleringa til forbodet mot fritidsfiske i 10-metersona i tida med ferdselsforbod (01.04-31.07).

## 4.5 Hausting av egg og dun

I følgje verneforskrifta punkt V, 7 er vernet ikkje til hinder for *"grunneigar eller brukar sin rett til å ta bort egg og dun i tidlegare fredlyste egg- og dunvær"*. Det finst etter det vi veit ingen dokumentasjon på at Ytterøyane har vore eit fredlyst egg- og dunvær. Derimot var Ytterøyane ein av fleire fyrstasjonar som i 1935 fekk fuglelivet freda gjennom forskrifta "Forskrift om fredning av enkelte fuglelarter på fyrstasjoner, Vestfold, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Finnmark" (<http://www.lovdatabank.no/for/lf/mv/xv-19350524-4257.html>). Dette kan i ettertid ha vorte tolka slik at Ytterøyane har status som egg- og dunvær, kanskje særleg fordi det i punkt II av denne forskrifta står at "Fredningen er ikke til hinder for adgang for fyrbetjeningen til utnyttelse av enkelte steder som egg- og dunvær." Dette gjaldt da venteleg berre for dei fyrstasjonane som låg i etablerte egg- og dunvær. Vår konklusjon er at det ut frå dette ikkje er høve for eigar/brukar å ta bort egg eller dun i Ytterøyane naturreservat.

## 4.6 Taretråling


I følgje verneforskrifta punkt V, 9 er vernet ikkje til hinder for *"hausting av tare med trål eller annen mekanisk reiskap i perioden 1. august – 31. mars, med unntak av den del av reservatet som ligg i tarefelt 71A, og den vestre del av tarefelt 72B"*. Naturreservatet høyrer til fire ulike taretrålingsfelt. Kvart felt blir tråla med fem års mellomrom. Dette fører til at



tarehaustingssesongen ved Ytterøyane eit gitt år begynner 1. september, med unntak for dei delane i felt 71A og 72B der taretråling er forbode. I resten av reservatet kan trålinga skje fram til 1. april. Med unntak for dei delane i felt 71A og 72B der taretråling er forbode, opnar reservatet igjen 1. august, og tråling kan da skje ut gjeldande taresesong fram til ny sesong startar 1. september. I sesongen 2011-12 haustast det i A-felta. Frå 1.9.2012 fram til og med 31.8.2013 er det B-felta som er opne, og så vidare med C-felt, D-felt og E-felt, til A-felta igjen kan haustast i sesongen 2016-17.

Den sørvestre delen av reservatet, rundt Ytterøyane fyr, er stengt for taretråling heile året fordi det er i dette området toppskarven har hekkeområdet sitt (ein art med spesiell fokus i dei fylkesvise forvaltingsplanane for tare). Men det er den nordvestlege delen av reservatet, rundt Sverslingane, som er rikast på tare. Dette er eit viktig vinterområde for m.a. ærfugl. Næringsinteressene fekk under arbeidet med tareplanen gjennomslag for å tillate taretråling innafor reservatgrensene ved Sverslingane (unntatt i perioden 1.4-31.7), mens det *utanfor* grensene er sett av eit område med "frivillig freding" for taretråling heile året.

Taretråling i området ved Ytterøyane tok til i 1978. Dei første åra skjedde trålinga med fire års mellomrom i fylket. Frå og med 1993 vart intervallet utvida til fem år. Same år vart Ytterøyane verna som sjøfuglreservat. Det vart gitt dispensasjon frå verneforskriftene (forbod mot taretråling i heile reservatet) fram til og med sesongen 2001/02, deretter var det stengt fram til forvaltingsplanen for tare vart vedtatt 1. september 2006. Kva innverknad taretrålinga har og har hatt på sjøfuglbestandane i reservatet er ikkje kjent, men ein må gå ut i frå at det har hatt negativ effekt på særleg ærfugl, toppskarv og teist, både med omsyn til ungeproduksjon og vinteroverleving. Lorentsen (2011) viser til at taretråling reduserer mengda småfisk i eitt, truleg fleire år etter hausting, og at teist sannsynlegvis er den av sjøfuglane som er mest sårbar for taretråling pga. liten aksjonsradius. Toppskarv nemnast også som truleg sårbar pga. at den ofte fiskar i tareskogsområde.



Kart over taretrålingssoner i Ytterøyane naturreservat

## 4.7 Uttak av skjelsand

Verneforskrifta punkt IV, 3 set forbod mot m.a. uttak av masser i verneområdet. I 1995 fekk grunneigar på Sandøyane (gnr. 39, bnr. 1) løyve til å ta ut skjelsand til eige bruk på Nordre Sandøy, under føresetnad av at uttaket vart gjort utanom hekketida for sjøfugl. Dette uttaket har truleg vore svært lite i tida frå 1995 til 2011. Eit større uttak av skjelsand i området, t.d. i samband med bygging av landbruksveg eller liknande, ville vore meir til skade – både for denne regionalt sjeldne naturtypen og for enkelte hekkefuglar i reservatet som tjeld og steinvendar (tidlegare hekkefugl). Det bør difor settast eit øvre tak for årleg uttak av skjelsand på Nordre Sandøy.

## 4.8 Redningsteneste m.m.

Verneforskrifta punkt V, 1 seier at vernet ikkje er til hinder for "*Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd*". Dette kan altså gjennomførast utan søknad. Forvaltingsstyresmakta ser det likevel som ønskjeleg at eventuell slik aktivitet blir registrert og rapportert i ettertid. Øving, for å førebu redningsaksjonar m.m., er ikkje omfatta av unntaket og bør skjje andre stader enn i naturreservatet.

## 4.9 Drift og vedlikehald av anlegg

Verneforskrifta punkt V, 2 seier at vernet ikkje er til hinder for "*Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette*." Det står eit fyr med tilhøyrande vaktarbustader på Ytterøyane. På Litle Ternehaug, som også er ein del av Ytterøyane, står ei mindre fyrlykt. Nødvendig ilandstiging i samband med drift og vedlikehald av fyrtårna og anlegget kan altså gjennomførast utan søknad, også i tida med ferdselsforbod. Drifts- og vedlikehaldsarbeid bør likevel, i den grad det let seg gjere, gjennomførast utanom hekketida (1.4.-31.07), for å unngå unødig uroing av fuglelivet.



*Fyrstasjonen på Ytterøya. Det står også ei fyrlykt på Litle Ternehaug, heilt til høgre i biletet  
Foto: Heidi Sandvik.*

Dersom arbeid blir gjennomført i tida med ilandstigingsforbod, skal det sendast ein kortfatta rapport i ettertid til Fylkesmannen med opplysningar om m.a. dato, varigheit og vêrtilhøve. Ein skal om mogleg velje dagar og tider på døgnet då vêrtilhøva er slik at ein unngår sterk oppheiting eller nedkjøling av egg og fugleungar. Dersom det blir lagt merke til spesielle forhold (t.d. ulovleg ferdsel) vil Fylkesmannen ha melding om dette også.

## 4.10 Vedlikehald av eksisterande bygningar og bryggjer

I følgje verneforskrifta punkt V, 6 er vernet ikkje til hinder for "vedlikehald av eksisterande bygningar og brygger". På Store Ternehaug står det ei lita hytte, som er satt opp i samband med ettersyn av beitedyr og ringmerking og undersøkingar av fuglelivet i området. I 1995 ga Fylkesmannen i en merknad løyve til at hytta kunne nyttast i samband med laksefiske, tilsyn av beitedyr mv., samtidig som det vart opplyst om at hytta ikkje kan nyttast til utleige eller fritidsbustad, og at eigaren ikkje kan pårekna å få løyve til å utvide hytta.



*På Store Ternehaug står denne hytta, satt opp av ornitologen Vidar Seim – som m.a. nytta hytta i samband med ringmerking og registrering av fuglelivet i øygruppa. Vernet er ikkje til hinder for vedlikehald av hytta. Dette er det einaste bygget i reservatet utanom på Ytterøya. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

## 4.11 Lågtflyging

Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter, jf. verneforskrifta punkt IV, 5. I den grad det er aktuelt ønskjer ikkje Fylkesmannen å gi løyve til lågtflyging under 300 meter i hekketida (01.04-31.07). Bakgrunnen for lågtflygingsforbodet er at flyging lågt over bakken uroar fuglelivet og kan gi negative følgjer for sjøfuglanes ungeproduksjon.

## 5 Skjøtsel

Med skjøtsel meinast her beiting i regi av grunneigarar eller andre, og tiltak som forvaltingsstyresmakta gir løyve til eller set i gang for å ta vare på naturkvalitetar i samsvar med verneformålet. Dette kan t.d. vere lyngbrenning.

Verneforskrifta punkt V, 1 seier at vernet ikkje er til hinder for: *"Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd"*. Skjøtselsverksemd slik det er sagt her, gjeld for tiltak i regi av forvaltningstyresmakta, slik det går fram av punkt VII: *"Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka."*

Det er såleis ikkje nødvendig med særskilt dispensasjon for skjøtselstiltak som forvaltingsstyresmakta på eige initiativ ønskjer å setje i gang. Dersom det gjeld skjøtsel som trengst for å fremje verneføremålet (med unntak av å setje dyr på beite) er forvaltingsstyresmakta heller ikkje formelt avhengig av løyve frå grunneigar. I praksis ønskjer Fylkesmannen likevel alltid å drøfte skjøtselstiltak med grunneigar i førekant, for å finne fram til dei mest føremålstenlege måtane å gjere arbeidet på, og unngå unødige ulemper for grunneigar eller andre brukarar. For skjøtselsarbeid som er i samsvar med vedteken forvaltningsplan vil Fylkesmannen varsle grunneigarar før arbeidet blir utført. Verneforskrifta gir ikkje heimel til å påleggje grunneigarar eller andre å utføre skjøtsel.

Grunneigarar eller andre kan på eige initiativ søkje om å få gjennomføre skjøtselstiltak i form av *"rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan"* (punkt VI, 2). Fylkesmannen vil i utgangspunktet vere positiv til slike førespurnader, så sant dei ikkje er til skade for sjøfuglane eller på andre måtar er i strid med verneføremålet.

### 5.1 Behov for skjøtselstiltak i Ytterøyane naturreservat

Sett direkte i samband med formålet med vernet, er ei hovudutfordring i denne forvaltningsplanen uroing og ilandstiging. Skjøtsel er likevel viktig for å oppretthalde dei kulturskapte naturtypane på dei større øyane i reservatet, og riktig skjøtsel vil ha mykje å seie for å bevare og fremja anna biologisk mangfald i verneområdet.

Den tradisjonelle bruken av øyane i reservatet er brenning og påfølgande beiting med sau. På delar av Nærøya og nokre av Ytterøyane har lyngen vorte forholdsvis høg og grov, då brenning ikkje har vore utført på lang tid. På Nærøya beitar det fortsatt sau, medan det på Ytterøyane ikkje har gått sau på nærare 40 år (Hermod Seim pers. medd.). På alle dei større øyane med lyngvegetasjon (Nærøya, den nordaustre delen av Ytterøya og øya intil Ytterøya mot søraust) er det ønskjeleg at lyngen brennes med jamne mellomrom (før den når ei høgde på 40 cm). På desse øyane, samt på Lite og Store Ternehaug, er det vidare ønskjeleg med kontrollert sauebeite for å halde kulturmarkseng med kulturmarksenger og kystlynghei i hevd.



*Kulturmarksfukteng og fattigmyr på Nærøya, som fortsatt beitast av sau. Her det ikkje behov for særskilte tiltak av omsyn til biologisk mangfald. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

## 5.2 Framtidige skjøtselstiltak i Ytterøyane naturreservat

### Brenning:

Skjøtselsarbeid som omfattar brenning bør som ein hovudregel skje vinter/tidleg vår, med frost eller nok fukt i bakken, slik at ein ikkje brenn vekk frø og humuslag. Generelt må open brenning avklarast med kommunen, sidan kommunane kan fastsetje lokale forskrifter (etter forureiningslova § 9), der dei har høve til å snevre inn eller utvide kva som skal vere tillate avfallsbrenning. Forureiningslova § 8 seier at "vanlig forureining" frå fiske, jordbruk og skogbruk m.m. er tillate dersom det ikkje er gitt særlege forskrifter etter § 9. På Flora kommune sin heimeside står det m.a. fylgjande om brenning: "Avbrenning av større områder som beiteområde og liknande skal registrerast inn på internettsida til Alarmsentralen, på [alarmsentralen.com/melding-kontrollert-brenning](http://alarmsentralen.com/melding-kontrollert-brenning)." Det kan også vere gunstig å melde frå om tiltaket i lokale media på førehand.

Lyngbrenning på Ytterøya må skje med varsemd og utførast under rette vindforhold, ettersom det er bygningar på øya.

### Beiting:

Ytterøyane er eit av dei sjøfuglreservata der det framleis er sau på beite, men det er no berre på Nærøya det blir beita. Beiting er viktig for å halde vegetasjonen låg. Generelt bør ein likevel vere på vakt overfor både attgroing på den eine sida og omfattande trakkskade og erosjon på den andre sida. Det er påvist at sau kan gjere skade på fuglereir gjennom trakk, og vi rår difor til å vere bevisst på at talet på beitedyr ikkje er for høgt i rugetida. Forsøk med andre beitedyr enn sau må overvakast og vurderast nøye med tanke på konsekvensar for verneverdiane. Sjå meir om beiting under kapitlet om brukarinteresser.

Det kan vurderast å legge til rette for at beiting tas opp att på sjølve Ytterøyane dersom dette ikkje kjem i konflikt med sjøfuglane sin hekkesuksess. Grunneigarar er interessert i å nytte Ytterøyane til værbeite. Beitinga må vere nøye tilpassa beitegrunnlaget, slik at det verken blir for hardt eller lågt beitepress. Nedbeiting bør vere jamn, og oppgjødsling pga. for konsentrert beiting må hindrast. Dette kan t.d. gjerast ved å flytte saltsteinar rundt på øyane.

### Forsøpling

Søppel som driv i land vil oppsynet fjerne ved behov.

Grunneigarar vil bli orienterte om skjøtselstiltak på førehand og vil få anledning til å gi uttale om aktuelle tiltak.

## 5.3 Praktisk gjennomføring av skjøtselstiltak

### Kor ofte

Det er vanskeleg å seie eksakt kor ofte skjøtsel i form av lyngbrenning bør utførast. Vi føreslår fysiske mål for når slik skjøtsel bør skje med tanke på å oppretthalde gode hekkeforhold:

- Lyngbrenning er aktuelt når lyngen når ei høgd på 40 cm.
- Slått av einstape bør skje første sommar etter brenning og 4-5 påfølgjande år (neppe aktuelt i Ytterøyane naturreservat).

Brenning kan gjennomførast oftare, m.a. på bakgrunn av behov for å betre beiteforholda. Grunneigarar kan søkje om løyve til rydding av vegetasjon (brenning, fjerning av kratt m.m.).

### Når på året

- Brenning bør som ein hovudregel skje i tida frå januar til midten av mars, når jordsmonnet er frose eller fuktig
- Slått av einstape bør skje to gongar om sommaren, men ikkje i hekketida for sjøfugl – det vil i praksis seia etter 1. august.

Statens naturoppsyn (SNO) gjennomfører skjøtsel (rydding og brenning) på oppdrag frå Fylkesmannen. SNO eller Fylkesmannen hentar inn ekstra arbeidskraft etter behov. Grunneigarar kan også gjennomføre skjøtselstiltak som er i samsvar med forvaltingsplan, etter løyve/fullmakt frå forvaltingsstyresmakta.

### Kostnader

Skjøtsel utført av SNO blir dekt av årlege tildelingar til Fylkesmannen og SNO frå Direktoratet for naturforvaltning. Grunneigarar kan heilt eller delvis få dekt kostnader (til arbeid og materiell) til skjøtselsarbeid etter avtale med Fylkesmannen.

### Dokumentasjon

Statens naturoppsyn registrerer (loggfører) alle skjøtselstiltak dei gjennomfører i naturreservatet. Også grunneigarar må dokumentere (med foto, helst både før og etter) skjøtselsarbeid når utgiftene blir dekte av forvaltingsstyresmaktene.

### Rapportering

Ein enkel rapport skal sendast til Fylkesmannen ved alle tiltak i naturreservatet, slik at forvaltingsstyresmakta får oversikt over når ting har vorte gjort.



*Ein liten våg med strandengmiljø på nordsida av Værholmane. Dei små strandengene på øya har ikkje trong for skjøtsel. Foto: Bjørn Harald Larsen.*

## 6 Tilstandsovervaking og forvaltning

### 6.1 Overvaking av tilstand og oppfølging av bevaringsmål

For å kunne vurdere om tilstanden i naturreservatet er i samsvar med bevaringsmåla for det enkelte naturreservat, må vi følgje med på endringane i både hekkebestanden av sjøfugl over tid og i arealet av kulturmarkseng og kystlynghei i aktiv bruk (sjå kap 3.4 om bevaringsmål). Det er også viktig å følgje med på kva effektar forvaltningstiltak har på bestandane av hekkande sjøfugl og utbreiinga av naturtypar samt førekomsten av anna biologisk mangfald i verneområdet, og vurdere behovet for framtidige skjøtsels- og forvaltningstiltak i lys av dette. Systematisk innsamling av data over tid for sjøfuglreservata i fylket gjer oss i stand til å følgje utviklinga i bestandar både i einskilde naturreservat og for større geografiske område samla, slik at tilstanden i sjøfuglreservata kan sjåast i ein større samanheng. Sjøfuglane sin suksess eller manglande suksess med ungeproduksjon er dessutan ein god indikator for den generelle tilstanden i havområda.

#### Tilstandsovervaking av hekking og hekkeplassar

Det ville vere ønskjeleg å gjennomføre teljingar årleg, men i praksis er det vanskeleg å kome over alle sjøfuglreservata i fylket på ein og same teljerunde. For kvart einskild reservat kan det difor vere eit meir realistisk mål å telje anna kvart år. Sjøfuglteljingane skjer i regi av forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen). Fylkesmannen med eige personale, og/eller innleigde personar, gjennomfører teljingane. Statens naturoppsyn sitt lokalkontor i Florø stiller med båt og deltek på teljinga når det er høve til det.

Metodikken for teljingane tek utgangspunkt i Norsk institutt for naturforskning (NINA) sin takseringsmanual frå 1989 og eventuelle oppdateringar.

Resultat for sjøfuglteljingane blir samla i ein årleg fellesrapport for heile fylket, som blir lagd ut på Fylkesmannen sine heimesider ([www.fylkesmannen.no/sfj](http://www.fylkesmannen.no/sfj)) og på Miljøstatus i Sogn og Fjordane ([www.sognogfjordane.miljostatus.no](http://www.sognogfjordane.miljostatus.no)).

#### Tilstandsovervaking av næringssituasjon for sjøfuglar

Den generelle næringssituasjonen i havet, i form av storleik på viktige fiskebestandar, er i stor grad felles for alle sjøfuglreservata, og må bli handsama på overordna nivå. I tillegg kan hekkebestandar og hekkesuksess til ein viss grad vere knytt til meir lokale næringsressursar, til dømes i tareskog. Vi har så langt ikkje prioritert å undersøke dette i tilknytning til Ytterøyane naturreservat. Dersom bruken av tilstøytande sjøareal tek ei utvikling som tilseier fare for auka press mot viktige ressursar for sjøfuglane, vil Fylkesmannen likevel vurdere behovet for overvaking av t.d. sjøbotn og undervassmiljø i og nær Ytterøyane naturreservat.

#### Tilstandsovervaking av naturtypar og biologisk mangfald

Der det er tilgang på gode flyfoto, kan overvaking av arealmåla for kulturmarkseng og kystlynghei gjerast ved flybildetolkning. Når det gjeld biologisk mangfald, inkludert beitemarksopp, må det gjerast en tilstandssjekk i felt med nokre års mellomrom. Dette bør



gjerast kvart 5. år, slik at effekten av i verksetne tiltak raskt kan evaluerast og eventuelt justerast.

### Revisjon av forvaltingsplanen

I utgangspunktet leggjast det opp til å revidere forvaltingsplanen kvart 10. år, samtidig med at tilstanden i reservatet på enkelte sentrale punkt blir utført.

## 6.2 Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

I verneforskrifta punkt IV er det lista opp kva tiltak og aktivitet som i utgangspunktet er forbode innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta punkt V, og nokre av dei er nærare omtalt i kap 4 om brukarinteresser. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta for å gjennomføre tiltak og aktivitetar i Ytterøyane naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

### **Spesifisert dispensasjonsheimel**

I verneforskrifta punkt VI er det nemnt to typar tiltak som forvaltingsstyresmakta *kan* vurdere å gi løyve til:

*”Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- 1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.*
- 2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet, og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.”*

1. Det er kjent at mink kan valde vesentleg skade i sjøfuglreservat. Minken er ein innført, amerikansk art, og det vil difor vere kurant å få løyve til fellefangst av mink i naturreservatet utanom ferdselsforbodstida som er frå 01. april til 31. juli. Gjennom verneforskrifta er det alt opna for jakt i perioden 10. september til 31. mars. Det er ikkje ønskjeleg med jakt i hekketida, heller ikkje fellefangst, med mindre det er dokumentert vesentleg skade for hekkande sjøfugl, slik at ein kan rekne med at uttak av mink vil redusere dei negative konsekvensane på kort sikt. Ramn og kråke som hekkar i sjøfuglreservat kan også gjere stor skade. Dersom det skulle bli aktuelt med andre former for jakt på skadegjerande vilt enn fellefangst på mink, vil Fylkesmannen gi denne oppgåva til SNO.

I tillegg til skade som rammar verneverdiane, kan Fylkesmannen i prinsippet også gi løyve til felling av vilt som gjer vesentleg skade på andre verdiar. Det vil då vere ein føresetnad at felling skal kunne vere av stor verdi for samfunnet utan at verneverdiane blir nemneverdig skadelidande. Felling av sjøfuglar som reservatet er oppretta for å ta vare på, er ikkje aktuelt.

2. Grunneigar, eller andre på vegne av eller med samtykkje frå grunneigar, kan søkje om løyve til rydding og brenning av vegetasjon. Kapittel 5 omtalar aktuelle skjøtselstiltak nærare.

### **Generell dispensasjonsheimel**

Naturvernlova av 1970 vart avløyst av "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter. Dette betyr at søknader om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i denne verneforskrifta (punkt VIII), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (punkt VI) gjeld derimot framleis.

#### **Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak):**

*"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette."*

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller om sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket "ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig" inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i første rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroingar som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Om det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggast stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket *"ikke strider mot vernevedtakets formål"*. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna målsettingane for naturreservatet. Denne dispensasjonsheimelen er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggast vekt på at verneføremålet ikkje skal bli svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneføremålet i sum.

Dispensasjon for "vitskaplege granskingar" (jf. verneforskrifta punkt VIII) er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som *"ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig"* i § 48. Dette gjeld då i første rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Eksempel på nødvendig forskning kan vere sjøfuglteljingar. Det kan vere aktuelt å gi løyve til ilandstiging i tida med ferdselsforbod for å taksere/telje reir, ringmerke fugleungar etc., for å framskaffe data som er viktig for forvaltninga av verneområdet. Nyten av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulemper forskinga medfører. Forskingsaktivitet som ikkje treng å lokaliserast til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

Dispensasjon av omsyn til *"vesentlige samfunnsinteresser"* i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarende dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde forhold føreligg, jf omgrepet "vesentleg", og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. Generelt er slike tiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

Dispensasjon når *"sikkerhetshensyn gjør det nødvendig"* er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det blir her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og sikkerheit mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane.

### 6.3 Sakshandsaming ved dispensasjonssøknader

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftleg og sendast (som brev eller e-post) til forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltingsstyresmakta har vurdert verknadene som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet leggast stor vekt på. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg

dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det blir gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservat blir det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknader. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltingsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførte i verneområdet.

Dersom dispensasjon blir gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv sørge for å avklare tiltaket med eventuelle andre styresmaketer og grunneigarar.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning (DN) av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gi nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje blir saka send vidare til DN for endeleg avgjerd.

## 6.4 Skilting og informasjon

For å unngå ulovleg ferdsel og ilandstiging i naturreservata er det sett opp skilt på stader der det er naturleg å legge til med eller dra opp båt. Det er viktig at desse skilta er på plass, og at dei raskt blir erstatta med nye dersom dei blir borte.

Med ein stadig veksande privat småbåtflåte på kysten og i fjordane, er det viktig å informere sjøfarande om vernet og om ferdselsforbodet i hekketida. Vi ser det også som eit mål å informere om fuglelivet og naturkvalitetane i sjøfuglreservata. Fylkesmannen utarbeider informasjons-plakatar om naturreservata i fylket, med m.a. kart, foto og vernereglar, til å hengje opp der båtfolk ferdast (t.d. næraste større småbåthamn).



Standard verneskilt i sjøfuglreservata  
Foto: Heidi Sandvik.

Det er tidlegare utarbeidd ein informasjonsfoldar om sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, med kart og informasjon om vernereglar m.m. Denne foldaren kan ein få tilsendt ved å kontakte Statens naturoppsyn i Florø. På nettstaden "Miljøstatus i Sogn og Fjordane" ([www.sognogfjordane.miljostatus.no](http://www.sognogfjordane.miljostatus.no)), under "naturområde", finn du også informasjon om alle sjøfuglreservata og andre verneområde i fylket.

## 6.5 Ilandstiging i hekketida - rapportering

Når det blir gitt dispensasjon som omfattar ilandstiging i eit sjøfuglreservat blir det normalt stilt krav om rapport i ettertid, for at Fylkesmannen skal få ei best mogleg oversikt over aktiviteten i området. Dette er særleg viktig ved løyve i hekketida, sidan uroing i hekketida kan føre til dårleg hekkeresultat. Informasjon om ilandstiging/ferdsel er såleis viktig for å kunne vurdere og forstå årsakssamanhengar og svingingar i hekkesuksessen for enkeltområde.

For tiltak/aktivitet som er heimla i verneforskrifta punkt V (dvs. som det ikkje er krav om søknad for), t.d. tilsyn med sau på beite, er det ikkje rapporteringskrav. For å få til ei best mogleg forvaltning av verneverdiane, er det likevel ønskeleg for Fylkesmannen å få informasjon dersom ilandstiging skjer i hekketida. Det er nok med ein enkel rapport om føremålet med ilandstiging, dato, klokkeslett, lengda på opphaldet og gjerne vêrforhold. Det er også ønskeleg med melding om andre spesielle tilhøve som eventuelt blir lagt merke til, t.d. verneskilt som er borte, mink som gjer skade, ulovleg ferdsel m.m. Slike opplysningar kan vere til stor hjelp i forvaltingsarbeidet.

Ilandstiging skal så sant det er mogleg skje utanom hekketida. Når det likevel er naudsynt å gå i land i hekketida, og ein har løyve til dette, skal det skje på dagar og tider på døgnet då vêret og temperaturen er slik at ein unngår nedkjøling (kald vind/låg temperatur) eller overoppeiting (varmt og solsteik) av egg og fugleungar. Ilandstiging i hekketida må uansett vere så kortvarig som mogleg.

## 6.6 Statens naturoppsyn - kontaktinformasjon

Naturoppsynet gjer ein viktig jobb med m.a. informasjons-, oppsyns-, registrerings-, dokumentasjons- og skjøtselsarbeid i sjøfuglreservata. Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med adresse Tungasletta 2, 7485 Trondheim, og telefonnummer 73 58 09 25. SNO har ca. 50 lokalkontor spreidd over heile landet. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø, e-postadressa er [tore.gundersen@dirnat.no](mailto:tore.gundersen@dirnat.no) og telefonnr: 57 74 18 92 / 970 05 288.

## 7 Kjelder

Direktoratet for naturforvaltning 2001. Forvaltning av verneforskrifter, Rundskriv november 2001 Naturvernloven.

Direktoratet for naturforvaltning. Håndbok 17-2001 Revidert 2008 Områdevern og forvaltning.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl, Delplan 5; Sogn og Fjordane, Fylkesmannen si tilråding etter endeleg lokal høyring m. m

Godø, G. 1982. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1982. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavingdelinga.

Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavingdelinga.

Godø, G. 1991. Verneplan for sjøfugl, delplan 5: Sogn og Fjordane. Miljøverndepartementet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavingdelinga.

Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavingdelinga.

Larsen, T. 2005a. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.

Larsen, T. 2005b. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2005. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 11-2005.

Larsen, T. 2006. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2006. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2006.

Larsen, T. 2007. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 5-2007.

Larsen, T. 2008. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2008. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 8-2008.

Larsen, T. 2009. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2009. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 14-2009.

Larsen, T. 2010. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2010. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 1-2010.

Lorentsen, S.-H. 2011. Sjøfugl og tareskog – og taretråling. Innlegg på Seapop-seminar Tromsø, 5.-6. april 2011.

Lov 1970-06-19 nr. 63: Lov om naturvern. Miljøverndepartementet

Lov 2009-06-19 nr 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Miljøverndepartementet.

Lovdata, 18.02.2005. Forskrift om velferd for småfe. Landbruks- og matdepartementet.

Miljøverndepartementet 1999. St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsona. Tilhøvet mellom verneinteresser og fiskerinæringane.

Miljøverndepartementet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1991, Verneplan for sjøfugl delplan 5: Sogn og Fjordane 1991

Miljøverndepartementet 1993. Kongeleg resolusjon, Verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Kap. 10 Kystlynghei. Landbruksforlaget 1999.

TemaNord 2008. Vest-Nordiske sjøfugler i et presset miljø. Rapport fra en nordisk workshop Torshavn, Færøylene 26-29. september 2007. TemaNord 2008:573.

## 8 Vedlegg

### 8.1 Vedlegg I – Verneforskrifta

#### **Forskrift om vern av Ytterøyane naturreservat, Flora kommune, Sogn og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. av 28. mai 1993. Fremja av Miljøverndepartementet. Endra 13. april 1994 nr. 565, 7 okt 2005 nr. 1173.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23 er øygruppene Ytterøyane, Nærøyane, Kvitingane, Sverslingane og omliggande sjøareal, i Flora kommune i Sogn og Fjordane fylke verna som naturreservat ved kgl.res. av 28. mai 1993 under namnet Ytterøyane naturreservat.

#### II

Det verna området femner om delar av gnr./bnr.: 39/1, 2, 3, 4, 5.

Reservatet dekkjer eit areal på om lag 16910 da, av dette er om lag 590 da landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:50.000, datert Miljøverndepartementet januar 1993. Kartet og verneforskrifta er arkivert i Flora kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

#### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er verna mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglevivet, herunder reirplassar og hiområde er verna mot skade og øydelegging.  
Bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast iverk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, brygger, anlegg og faste innretningar, havbruksanlegg, opplag av båtar o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse over eller under havflata, tømning av avfall, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningstilførsler og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot landstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjær, og i ei sone ut til omlag 10 meter frå land. Båtcamping og sportsdykking i 10 m sona, camping, teltslåing og oppsetjing av kamouflasjeinnretningar for fotografering er forbode.
5. Lågtflyging under 300 m er forbode.

## V

Reglane i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket og Televerket sine anlegg, eksisterande kraftliner og sjøkablar og ferdsel i samband med dette.
3. Tradisjonelt sauebeite, og naudsynt ferdsel i samband med tilsyn av beitedyr, gjødsling av beite og vedlikehald av eksisterande gjerde m.v.
4. Allmenn ferdsel i oppmerka skipslei og naudsynt ferdsel med båt i samband med yrkesfiske for manntalsførte fiskarar med fiskeregistrerte båtar, og grunneigarar/heimelshavarar i samband med utøving av gjeldande fiskerettar i tida med ferdselsforbod.
5. Bær-, sopp- og blomsterplukking utanom tida med ferdselsforbod.
6. Vedlikehald av eksisterande bygningar og brygger
7. Grunneigar eller brukar sin rett til å ta bort egg og dun i tidlegare fredlyste egg- og dunvær.
8. Fiske, og fjerning av marine, virvellause dyr for hand, etter gjeldande lover og forskrifter når utøvaren ikkje er omfatta av ferdselsforbodet
9. hausting av tare med trål eller annen mekanisk reiskap i perioden 1. august – 31. mars, med unntak av den del av reservatet som ligg i tarefelt 71A, og den vestre del av tarefelt 72B.

0 Endra ved forskrifter 13 april 1994 nr. 565, 7 okt 2005 nr. 1173.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som valdar vesentleg skade.
2. Rydding av vegetasjon m.v. når det ikkje strir mot føremålet med vernet og er i samsvar med godkjent forvaltningsplan.



## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den som forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

### **utgått, sjå naturmangfaldlova § 48**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet tilseier det, for vitskaplege granskingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i andre særskilde høve når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

## IX

Forvaltninga av verneforskrifta er lagt til fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

## X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Samstundes oppheves forskrift av 24. mai 1935 om fredning av fuglelivet på Ytterøya fyrstasjon med tilliggende statsgrunn i Flora kommune.

-----  
Oppdatert november 2011

### **Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)**

#### **§ 48 (dispensasjon frå vernevedtak):**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.


I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

## 8.2 Vedlegg II – kart som viser vernegrensene

Kopien av vernekartet er ikkje i rett målestokk.



SOGN OG FJORDANE Kommune: Flora	Kartgrunnlag M-711	Målestokk 1:50000
YTTERØYANE NATURRESERVAT Sjøfugl Reservatgrense: **** Knekkpunkt : ○	Utsnitt av utgitt 1018 II 1974 1118 III 1976	N I
MILJØVERNDEPARTEMENTET JANUAR 1993	Statens kartverk	